



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Vår ref.: 24/01325-2

Deres ref.: 24/1753-

Dato: 07.06.2024

Høyring om endringer i nivåkrav ved opptak til høgare utdanning og opptak til praktisk-pedagogisk utdanning

Vi viser til brev frå Kunnskapsdepartementet 23. april d.å. med invitasjon til høyring om endringer i nivåkrav ved opptak høgare utdanning og opptak til praktisk-pedagogisk utdanning ved å endre forskrift 6. januar 2017 nr 13 om opptak til høgare utdanning (opptaksforskrifta) og forskrift 12. desember 2015 om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning.

VID vitenskapelige høgskole ynskjer å gi innspel til forslaga som gjeld opptakskrava til bachelorutdanninga i sjukepleie.

1. Oppheving av nivåkrav/karakterkrav til sjukepleiarutdanninga etter hovudopptaket i 2024 som ei overgangsordning

VID støttar forslaget om at institusjonar gjennom lokalt opptak kan ta opp søkjarar som ikkje oppfyller krava til norsk og matematikk allereie til studieåret 2024–2025, dersom dei har ledige plassar etter hovudopptaket.

Sjølv om vi støttar forslaget ønskjer vi likevel å poengtere at det ikkje er uproblematisk å endre opptakskrav midt i eit opptak fordi søkjarar som ikkje er kvalifiserte etter gjeldande regelverk kan ha fått beskjed om at dei ikkje treng å søke, og kan ha blitt oppmoda til å ta opp fag for å kvalifisere seg. Det er òg signalisert at eventuelle endringer i opptakskrav først vil gjelde frå 2027.

2. Oppheving av nivåkrav/karakterkrav til sjukepleiarutdanninga permanent frå og med opptaket til studieåret 2025-2026

Vi tek til etterretning at Stortinget allereie har vedteke å avvike kravet til karakteren 3 i norsk og matematikk for å komme inn på sjukepleieutdanninga frå og med studieåret 2025-2026.

VID støttar forslaget om å fjerne karakterkravet i matematikk frå og med opptaket til studieåret 2025-2026, men basert på erfaring kunne vi i prinsippet framleis ønska oss eit nivåkrav i norsk.

Med vennleg helsing

Bård Mæland
rektor

Elisabeth Jeppesen
dekan

Dokumentet er godkjend elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar